



Kyrkjeblad for Lom



Bøverdal



Lom



Garmo

Nr. 4 - 2014 - 73. årgang

Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

***«Ere vere Gud i det høgste,
og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»***

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som hørde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.

Luk 2.1-20. Omsetjing 2011.

Helsing frå Lom kyrkjelege råd

Vi vil med dette rette ein stor takk til alle som har teke del i og stilt opp på friviljug arbeid gjennom året som har gått. Det vere seg folk i ymse utval og nemnder, kyrkjevertar, tekstlesarar, dykk som har sytt for kyrjekaffi, alle som har vore med på dugnadene våre. Dykk er kvar og ein umisselege og verdfulle i arbeid for kyrkjelydane i Lom.

Vi vil også takke alle som har nytta bankgiroen i kyrkjebladet, for gåver til blomefondet, samt offergåver. Alt kjem godt med.

Lomskyrkja er ein stor turistattraksjon, og vi har flinke omvisarar som gjer ein god jobb her. Denne sesongen, som dei tre førre, er det Torunn Kjøk som har stått i spissen for desse.

Vi har i Lom ein stab som gjer eit framifrå arbeid, alle på kvar sine område, og som gjer at alt i kyrkjene våre «rullar og går».

Dette året hadde vi presteskifte. Vi sa farvel til Synnøve Sakura Heggem, og velkomen til Einar Gelius. Vi vonar han finn seg godt til rette og vert verande i Lomsbygda i mange år framover.

Vi vil òg nytte høvet til å takke alle som var med og stelte i stand til kyrkjejubileet i Bøverdalen den 16. november. Takk til boknemnda som har gjort eit grundig og godt arbeid som det står respekt av, og til festkomiteen for sjølve dagen, og alt som gjorde at den vart hundre prosent perfekt.

Med dette ynskjer Lom kyrkjelege råd alle lesarar ei velsigna jul og eit godt nytt år.

Jon Kleiven, leiar

Godt samarbeid mellom Skjåk og Lom

Den 7. oktober i haust vart det eit historisk møte i Midtgard. Heile staben i Skjåk prestegjeld (kyrkjekommune) møtte heile staben i Lom kyrkjekommune til drøfting om samarbeid og felles aktivitetar. Møtet vart seinare fylgd opp av eit nytt møte i november, kor ein la opp ein felles årsplan for bae prestegjelda (kyrkjekommunane), med messe-

planar, trusopplæringstiltak, felles messer og ferieavvikling for prestane.

Som kjend er det framleis diskusjonar om Lom og Skjåk kommunar skal slå seg saman. Dei to kyrkjekommunane går no føre og syner veg. Samarbeid er både naudsynt og fruktbart. Vi treng kvarandre og vi må utnytte ressursane våre til felles beste og nytte.



*Staben i Lom og Skjåk samla:
Frå venstre: Gunn Berit Vole Mork (kyrkjelydssekretær/trusopplærar i Lom), Kåre Gloslie (sokneprest i Skjåk), Kari Ørjaseter (kyrkjelydssekretær i Skjåk), Ragnhild Anne Aamot Kveen (organist i Skjåk), Ola Sylfest Brenna (kyrkjetenar i Skjåk), Ragnar Ramstad (kyrkjetenar i Skjåk), Gunn Bismo Klashaugen (trusopplærar i Skjåk), Jonas Fjeld (kyrkjetenar i Lom), Einar Gelius (sokneprest i Lom), Arnborg Teigum (kyrkjevevje i Skjåk), Terje Blakarstugun (organist/kyrkjetenar i Lom), Borghild Skarelven (kyrkjevevje i Lom)*

Julehelsing frå Hamar biskop

*Nå vandrer fra hver en verdens krok
i ånden frem, i ånden frem
et uoverskuelig pilegrimstog
til Betlehem, til Betlehem*

I haust var eg så heldig å få gå ein bit av pilegrimsvegen til Santiago de Compostela. Den første morgonen vi tutla oss ut på pilegrimsvegen var det så vidt blitt dag. Veggen var godt merka. Det var lett å finne fram. Snart var det fleire som dukka opp langs veggen. Gamle og unge, i alle slags fasongar, i flokk og åleine, med og utan pilegrimsutsjånad. Det som slo meg var nettopp dette at vi var så ulike, men like fullt var vi på same veg. Vi var framande for kvarandre, men hadde likevel så mykje felles. Alle var vi på kvart vårt vis fortsettinga av pilegrimstoget til Betlehem.

Julebodskapen har dette ved seg at den dreg menneske inntil seg. Eg ser det same pilegrimstoget når eg besøker kyrkjene rundt i bispedømmet. Menneske av alle slags lag og overtydingar kjem til Guds hus. Eg trur vi alle søker det gode der i det heilage romet. Eg trur det er ein lengsel etter liv og lys som dreg oss. Evangelisten Johannes malar sitt juleevangelium ut med ein brei og oppsummerande pensel. Han kallar Jesus Ordet som tok bustad mellom oss, og skriv om han at

*Det som vart til
i han, var liv,
og livet var lyset for menneska.*

Dei som hørde Johannes tale om Ordet (på gresk Logos) då desse linjene vart skrivne ned, levde i ei tid der «ordet» hadde eit mykje vidare meiningsinnhald enn det vi forstår i dag. Dei knytte det til heile måten verda hang saman på. Til mykje meir enn ord i smal forstand, ja, til det som har vore før alle tider og som aldri forgår. Dette Ordet vart menneske og til liv og lys for verda. Livet og lyset kom som eit menneskebarn, og vart ein av oss. Dette som var før alle ting, og som held alt i himmel og på jord saman, tok bustad mellom oss og løfta våre mangfaldige liv fram for Gud. Den godheita som føddest til verda med Kristus lyser framleis i alle våre dagar. Frå denne kjelda strøymmer det liv og lys like inn i vår siste natt. Det gir mot til livsvegen i alle slags dagar og eit håp å vandre mot.

*Og finner du Ham i krybbens hø
som hyrder så, som hyrder så,
da eier du nok til freidig å dø
og leve på, og leve på.*

Gledeleg jul!

Solveig Fiske, Hamar biskop



Helga 25. og 26. oktober var det stor aktivitet blant dei yngre her i Bøverdalen, Garmo og Lom:

Laurdag baka 5-åringane nattverdrød som vart brukt i kyrkja i messe dagen etter. På messa sundag fekk 4-åringane kyrkjebok. Her er nokre glimt frå helga, vi gler oss allereie til neste år!

**Bakedag
med
trivelege
5-åringar!**



Takk for ein fin dag!

Spente 4-åringar hadde laga fine teikningar, og samla blomar og planter som dei hadde med til kyrkja da dei fekk «Mi eiga kyrkjebok»:



Konfirmantjubiläum i Bøverdal kyrkje

7. september 2014

50-års konfirmantar:



Fremste rekkje: Åse Torunn Flåten (Kvålshagen), Torill Høgseth (Larsen), Hulda Lise Eggen (Brimi), Reidun Galde (Kvålshagen), Rut Turtum (Solbakken), Marie Elisabeth Sandviken (Brukveen) og Solbjørg Johnsen (Juvstad).
Bakre rekkje: Odd Dagfinn Runningshaugen, Håvard Stenersen, Sigmund Peder Husom, Lars Eivind Sulheim, Torgeir Odd Sørhage, Jan Ivar Randen, Rolv Kjøk, Guttorm Repp og Jon Haugen. Foto: Arvid Brustuen.

60-års konfirmantar:



Fremste rekkje: Torlaug Margit Bø, Sølvi Bjørg Nilsen (Haugen) og Aase Vole Dalen.
Bakre rekkje: Ivar Randen, Olav Hong, Audun Gjengedal, Jørn Kåre Nyøygard, Jon Magne Torkveen og Kolbjørn Per Bårdseng. Foto: Arvid Brustuen.

Bøverdal kyrkje 150 år

★
1864
2014
★

Sundag 16. november var bygda samla kring Bøverdal kyrkje i høvet 150-årsjubileet.

Fyrst var det messe, der ei fullsett kyrkje fekk sjå vesle Ragnhild Nestvold bli boren fram for dåpen. Lom Barneklang song «Gjendines båndlåt» sær for dåpsbarnet, og dei song til utdelinga av nattverd.

Astrid Sulheim både byrja og avslutta messa, då ho spela vakkert felespel til både inn- og utgangsprosesjonen.

I gudstenesta, og feiringa etterpå, deltok biskop Solveig Fiske, fungerande prost Kenneth Hansen, tidlegare sokneprestar i Lom Ivar Austrheim og Synnøve Sakura Heggem, Skjåk sin sokneprest Kåre Gloslie, i tillegg til Lom sin sokneprest Einar Gelius.

Etter messa vart samfunnshuset i Bøverdalen fylt, og Bygdelaget varta opp med god rømmegraut, spekemat og salatar. Seinare baud dei på kaffe og gode kaker.



Det rår inga tvil om at biskopen vår er svært barnekjær. Midt i preika inviterte ho dåpsbarnet, Lom Barneklang og alle andre barn som var til stades til å kome fram i kyrkja. Der lærte ho dei refrenget til «Deilige jord»



Utgangsprosesjon: Fungerande prost Kenneth Hansen, sokneprest Einar Gelius og biskop Solveig Fiske fremst.



Tidlegare sokneprestar i Lom: Ivar Austrheim og Synnøve S. Heggem, sokneprest i Skjåk Kåre Gloslie.

★
1864
2014
★

Bøverdal kyrkje 150 år



Broderi laga og gjeve av Anna Maia Larsen. Med dette har ho også gjeve fylgjande instruksjonar: Broderiet er skruba fast til veggen, for baksida skal løysast når Bøverdalskyrkja er 200 år. Da fyrst får vi vite kva som skjuler seg der, og det er eldste oldebarnet til Anna Maia som skal gjere dette om 50 år.

Det var mange pene ord og flotte gåver til jubelanten, samt god underhaldning denne feststunda etter messa. Hamar Bispedøme feirar også 150-årsjubileum i år, og biskop Solveig Fiske fortalde at Bøverdal kyrkje difor var ei av dei fyrste kyrkjene dåverande biskop Halvor Olsen Folkestad vigde, sidan han var biskop frå 8. juni 1864. Prost Kenneth Hansen kom med gode ord og lykkeynskje, og tidlegare sokneprest Ivar Austrheim med fru Inger Marit hadde også førebudd seg med både sjølvskrive dikt og velmeinte ord.

Våre gode grannar Skjåk og Vågå var også til stades og kom med helsingar. Nordberg kyrkje feira sjølv 150 årsjubileum tidlegare i år, og formann i Skjåk kyrkjelege råd Torstein Morken hadde med seg ei bok som var gjeve ut i det høvet. Vågå var representert ved kyrkjevevjerje Kristin Syvergaard og klokkar Aslaug Valde, og dei hadde med ein vakker blomsteroppsats som helsing til oss.

Jubileet har fått tilskot frå både Lom kommune og Sparebank 1 Lom og Skjåk. I tillegg kom ordførar Bjarne Eiolf Holø med gåve: Klangen i kyrkje-klokkene i Bøverdalen er ikkje som den eingong var, da kolvene er utslitne. Bøverdalskyrkja får nye kolver frå kommunen, og desse skal skiftast i løpet av jubileumsåret! Denne beskjeden hausta stor applaus blant dei frammøtte bøverdølane.

Jubileumsnemnda var sett saman av Asbjørn

Hansen (formann), Olav J. Galde, Anne Gro Sulheim, Synnøve Sakura Heggem og Einar Gelius. Desse hadde gjort ein dyktig jobb!

Anne Gro leia oss stødig gjennom programmet. I lag med Olav J., hadde dei funne fram mykje artig informasjon om korleis livet i Bøverdalen var for 150 år sidan. Vi fekk også eit lite innsyn i korleis folket tedde seg med lang avstand til næraste kyrkje for barnedåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd.

Vi fekk også musikalske innslag denne dagen. Syskenborn-duoen Marina og Silje Kvalshagen song, og Lom Trekkspelklubb varta opp med to leikar.

I høve kyrkjejubileet har Lom kyrkjelege råd gjeve ut ei bok om Bøverdal kyrkje. Denne boka er sett saman av boka som vart gjeven ut til 100-årsjubileumet (nokre få rettingar er gjorte), og fleir detaljar og bilete frå nyare tid.

På dette viset har boknemnda meistra å få fram ei komplett historie om kyrkja frå ho vart bygd i 1864 og fram til i dag. Nemnda som har arbeidd med denne boka dei siste fem åra er Sigurd Arnfin Stenersen, Arnstein Rusten, Eldbjørg Sigrun Storlien, Magne Røhr og Perlaug Marie Kveen.

Boka kostar kr. 300,- og kan kjøpast ved COOP Marknad Bøverdalen, Loarutsalget og på kyrkje-kontoret i 4. etasje på Midtgard.



Gåver frå våre gode grannar: Bøker frå Skjåk og blommar frå Vågå.

Gode festlyd

Kjære Bøverdalskyrkja vår.

Denne gongen rundar du 150 år!

Høgreist og støtt du framleis på leite står

Klemt mellom elva, gjuva og dei høge fjell

Slik peikar du til himmels i tronge skår!

Trong og vanskeleg var starten i stein og myr og leie lende.

Ikkje alle av oss ynskta deg lykke til, kan hende!

Nei, slett ikkje alle ville ha ei kyrkje til.

Men rette mann med sterk vilje og god handtame kom

Ein som ikkje ville godta mange i bygda sin dom!

Mangt blir nok berre med tanken, og ofte er det best.

Slik sett, som det står; «Greitt nok å bli ved sin lest!»

Men somme er ekstra «gina» og let det ikkje bli berre tanken – og kanskje viljen.

Nei, her skulle det byggjast eit Gudshus – ei kyrkje for kyrkjelyd og prest!

Viljen dreg halve lass!

Handverkarar av ymse slag – smeder, snekkere, timbrare, murane kom raskt på plass.

Tøfting, graving, muring og timbring – start på forsommaren 1863.

Op snart så reiste seg ein 8-kant av reine, pene tre!

Nei, ikkje alle likte forma på kyrkja vår.

Somme meinte at krossen høvde betre i dalen vår.

Men snart ser vi kyrkja vakker står.

Nei, ho skjemma slettes ikkje kyrkjeplassen vår!

Innvendig så vakker og ljøs du er.

Som med former, fargar i god harmoni – og estetikk i seg ber.

Sjå blyglasa med regnbogen sin fargeklang

– og evangelistane utforma med klår, bibelsk kunst og skapartrang.

Her er skjæring, måling, smiing.

Du ser såkse -sperro og søyler på kryss og tvers.

Så ordi sannar seg enno ein gong;

«Her ser du dugande arbeid både til tress og til smess!»

Dei beste har utfalda seg rikeleg her.

Berre det beste er godt nok når vi skal byggje eit Gudshus her.

Dette var viktig for alle – å yte sitt beste.

Og på dette vis å setja sitt merke på rommet her.

Vi er takksame for det mest runde kyrkjebygget vårt!

Her er vi sessa som om vi var ved runde bord.

Alle er vi like i dette kyrkjeskjip

Alle er velkomne om bord.

Alle sit vi vendt mot aust og soloppgang.

Og håpet har vi om å få sjå det store ljuset – om enn ikkje denne gang.

På ettersommaren 1864 er tårnet, taket, glasa - ja, og veggane 4 pluss 4 på plass.

Kyrkja står der – nei, ikkje som eit slott, men som eit vakkert Herrens palass.

Harmonisk, høgreist og trygt står Gudshuset vårt mellom dei høgste og villaste fjell i nord.

Og langt – og lenger enn langt er det til næraste granne der langt i vest – inst inne i den tronge fjord!

På seinhausten dette år – eit folkfylgje over brua går.

Kyrkjelyd og geistlege høgtideleg og alvorssame mot kyrkja går – og finn seg ein plass.

Endeleg etter nokre hundre år kan vi atter få søkja til kyrkja vår!

Hit skal folket her i øvst i dalen nå.

Ja, og dei fleste måtte vel gå.

Her var vanskeleg og tungt.

Det var bratt og ulendt – og for somme vanskeleg å nå.

Men alle ville gjerne søkje til Gudshuset flott og ungt!

Dette er folket si kyrkje, bygt av dei frå bygdene her.

Op plass skal det vera her, både for ho Kari og han Per.

Dette er rommet for alle – om dei no er frå her eller der!

★
1864
2014
★

Bøverdal kyrkje 150 år



*Det var vanskelege tider for folket her i bygdom – slik
au for mange i grendom her.
Ikkje alle kunne berge seg i ville fjellom.
Mange søkte ut frå her – over hav mot vest.
For mange vart det heller ikkje nokon fest.*

*Mange som reiste kom aldri att.
Men somme kom og helsa på bygde og kjende på ny at
dei på kjære kyrkjejenker satt!
Mange sådde godt og hausta rikeleg i si nye verd og tid –
og sende gåver til kjære kyrkja si.*

*Som mange kyrkjer – står vår au, godt synleg ved
smale led.
Her har vore styggevær – pest og ja, under framandt åk
med.
Men kyrkja står her like flott i harmoni og fred - sjølv
om det og har vore uro og ufred!*

*Til deg har folket søkt i sorg og glede.
Mest for å høyre ordet forkynt til trøst og lede.
Hjå deg har mange funne hjelp og håp.
Og audmjukt gått til nattverd, og å fatta at livet lever
vidare i kvar ein dåp!*

*Kanskje hadde du som kyrkje her, ynkt at vi meir
kyrkjerøkne er
Men truleg er det som det seiast her – «Vi alle her i
bygda barnetrua med oss ber».*

*Mangt har vi mista her i bygda den siste tid.
Sumt blir berre umerkt burte – mens andre manar oss
til strid.
Dette skal visst vera trenden i denne tid!
Men la oss i alle fall sørgja for å ikkje misse kyrkja i vår
levetid!*



*Noko må vi da greie å hegne om i ei omveltande og
digital tid.
Kyrkja har synt seg å stå imot det meste.
Kjære Bøverdøler – sørg for at kyrkja framleis er til
velsigning for deg og din neste!*

*Kjære kyrkja vår – tenk at 150 år har gått.
Håpar du er godt tilfreds med stellet du har fått!
Kanskje var du eingong lei deg for å misse den kvite
kappa di!
Men léten du har no er varm og god – og i alle fall i
samsvar med reglementet i bygda du er kyrkje i!*

*Gratulerer enno ein gong med kyrkja her. Juvelen i
bygda si flotte feiring fer.
Takk for alt – for dåp, konfirmasjon, vigsel og jordeferd.
Kjære kyrkja mi, takk for fylgje i mange år av mi tid!
Takk for krevjande og vanskelege dagar, men Gud ha
takk – då mest for mange gode dagar!*

*Som folkevald representant frå Bøverdalen i Lom
kyrkjelege råd vil eg få ynskje dykk alle ein framleis
flott gebursdag med kyrkja vår.
Gratulerer med dagen – alle her
– og lat vi stå saman om kyrkja vår – som i morgon 150
år er!
Takk for tide' her!!*

16. november 2014, Sigurd A. Stenersen

JULETREFEST 4. JULEDAG

**Velkomne til juletrefest på Bøverdalen
Samfunnshus laurdag 28.des. kl. 19:30**

Dette er ein fest for alle i bygda, og «uttabygdes»
er sjølvsagt også hjarteleg velkomne!

Inngang kr. 50,-. Alle under 15 år går gratis.

Loddsal. Programinnslag.
Gonge kring juletre og servering.

Kunngjeringar

Bruk av levande ljøs og pynt på kyrkjegardane

Vi er stolte av dei vakre kyrkjegardane i Bøverdalen, Garmo og Lom. Både tilreisande og fastbuande kjem med positive attendemeldingar.

Folk er flinke til å pynte på gravene. Om vinteren ynskjer mange å pynte med ljøs, men vi lyt minne om at det ikkje er høve til å nytte levande ljøs eller noko som helst med flamme på våre kyrkjegardar. Alternativet er å nytte lykter som går på batteri.

Vi vil også minne om at pynt til jul på gravene lyt fernast att når jula er over.

Særskild julepynt som ikkje er teken bort frå gravstadene, kan kyrkjegardsarbeidarane utan varsel fjerne etter 20.januar.

Vinterdekorasjonar elles skal festaren syte for vert rydda seinast 1.mai, jmf. Kyrkjegardsvedtektene.

Ein innringjar har bede oss å skrive om at prating og kviskring i kyrkja under gravferder er ein uting. Ved gravferder er vi samla i sorg, og skal difor ta omsyn til kvarandre. Lyden og uroa som kjem av dette ber langt fram i kyrkja, ja heilt fram til næraste pårørande. Det er også ein uting at det vert skravla på kyrkjegarden under jordfestinga.

Om det er trong til å prate og utveksle siste nytt, er det sterkt ynskt av andre at dette kan vente til etter seremonien.

Generelt for alle gudstenester:

Dei siste femten minutta før gudsteneesta har vi mest mogleg ro i kyrkjerommet, for å gje tid til stille bøn og ettertanke. Mobiltelefon bør helst ikkje vere med inn i kyrkja i det heile. Om den er med, ber vi om at den i respekt for alle andre står på lydlaus.

Jul i kyrkjekommunen

I julehøgtida er det messer i alle dei tre kyrkjene i Lom kommune.

Julaftan er det messe i Lom kyrkje kl. 15:00 ved sokneprest Einar Gelius.

Lom spelmannslag deltek på messa.

1.juledag vert det messer både i Bøverdalen og Garmo kyrkjer.

Merk tida: Bøverdalen kyrkje kl. 11:00
og Garmo kyrkje kl. 14:00.

Begge messene er ved sokneprest Einar Gelius.

2. juledag er det inga messe i Lom kyrkjekommune.

KORREKSJON:

Ein vaken lesar gjorde oss merksame på ein grov feil i førre kyrkjebladet, i saka om konfirmantleiren.

Vi hadde skrive at konfirmantane lærte om dei 4 sakramenta.. Vi orsakar dette på det sterkaste, og set pris på engasjerte lesarar.

Korrekt tekst skulle vere: «Dei fekk innføring i dei to sakramenta dåp og nattverd, samt dei kyrkjelege handlingane vigsel og gravferd.»

Nytt frå Lom Hørselslag:

Høyreapparatbrukarar:

Har du problem med høyreapparata dine, kan du få gratis hjelp av ein av desse hørselshjelparane/likemennene i Lom Hørselslag:

Sigmund Bråtet, Lom. Telefon 48 14 45 91

Olav Magnar Bø, Lom. Telefon 90 10 97 96

Kristian Venås, Garmo. Telefon 61 21 25 85 /
99 16 73 70

Alf Tore Sørhage, Lom. Telefon 48 26 78 49

Nyttårsaftan i Lom

Den siste kvelden i året 2014 vert feira i Lom med eiga nyttårsmesse kl. 23:00 i Lom stavkyrkje.

Det vert ei stemningsfull messe med fokus på året som har vore og det nye året som ligg framfor oss.

Vågå kyrkjelyd deltek saman med oss i messa.

Messa er ved sokneprest Einar Gelius og organist Terje Blakarstugun.

Varmeomnane i kyrkjene er på!

No er det sesong for elektrisk varme i kyrkjene våre, og omnane er varme! Vi vil difor be dykk alle å passe godt på så det ikkje kjem klede eller sko/skosålar innpå omnane.



Heim og ætt



BØVERDALEN

Bøverdalen

- 05.10: Einar Marstein Kvandalsvoll
05.10: Stårm Stee Vole
16.11: Ragnhild Nestvold

LOM

- 26.10: Terje Lunna
26.10: Ida Teigen Skaansar
26.10: Anna Vole-Bakke



GARMO

- 04.10: Heidrun Solveig Laugsand og
Aslak Opsahl Brimi, Oslo.
Vigde på Brimi sæter
11.10: Merete Byre-Haakensen og
Trond Kielland Byre-Haakensen.
Vigde på Brimi sæter



BØVERDALEN

- 21.10: Bjørner Stee, f. 1926
24.10: Sigrunn Oddveig Lunna, f. 1963

LOM

- 31.10: Håvard Jarleiv Øverli, f. 1943
20.11: Einar Rusten, f. 1922
05.12: Bjarne Moen, f. 1926

Ny messe-turnus

Som det står ein annan stad i kyrkjebladet, har Lom og Skjåk prestegjeld gått inn i eit forpliktande og tett samarbeid for året 2015. Det gjeld mellom anna messelistene for dei to kyrkjekommunane. Kvar søndag skal det vera tilbod om messe anten i Lom eller i Skjåk. For Lom sin del vert det lagt opp til eit visst mønster i messelista. Dei månadene det ikkje er spesielle høgtider eller kyrkjedagar (og i ferien), legg ein opp til fylgjande turnus:

Andre helga i månaden vert det messer både i Garmo og Bøverdalen kyrkjer. Siste helga i månaden vert det messe i Lomskyrkja. Sjå kyrkjebladet sin messeplan, samt annonsering i Fjuken og GD-puls, for oppdatering av denne.

Skule-barnehage-kyrkje

Det er ekstra hyggeleg at både Loar skule og Loar barnehage ynskjer å vitje kyrkja før jul. Torsdag 18. desember vert det skulemesse kl. 9:00 og barnehagemesse kl. 11:00 i Lom stavkyrkje.

Foreldre og andre er sjølvsagt velkomne!

Julekonsert i Garmo kyrkje

GjellingLjomen held sin tradisjonelle julekonsert i Garmo kyrkje måndag 15. desember kl. 20:00.

Dette er nr. 16 i rekkja sidan koret vart stifta i 1997.

Reidar Svare, Randi Eriksen Strand og Mona Aabakken medverkar som solistar.

Bjørn Kåre Odde har teke seg fri frå Det norske teatret og Spelemann på taket, så vi vil også i år få høyre vakre feletonar m.a. med eigen komposisjon og elles i samspel med kor og solistar.

Billettar er å få kjøpt ved døra.

Julekonsert i Lomskyrkja torsdag 18. desember kl. 19:30: «Stjerna fra øst».

Lom får besøk av visekunstnaren og tidlegare «lomvær» Geirr Lystrup og Moskva Balalaika Quartet åt Lomskyrkja denne adventskvelden. Saman med Lomsklangen skal dei framføre «Stjerna fra øst», som sikkert mange hugsar frå konserten her i 2008. Musikken er russiske folkemelodiar med tekstar av Geirr Lystrup.

Kvinneleg solist er Ragnhild Kvåle Olstad. Mannleg solist og forteljar er Geirr Lystrup sjølv. Det er førehandssal av billettar på Kiwi i Lom. Skulle det bli billettar til overs, blir dei å få kjøpt ved inngangen.

*Redaksjonen av kyrkjebladet ynskjer alle lesarar ei
Gledeleg Jul og alt godt i året som kjem!*

Gudstenesteplan

Jfr. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, skriv vi inn det som skjer i Skjåk kyrkjekommune

Sundag 07.12.2014 BØVERDAL KYRKJE kl. 19:30.	2.sundag i adventstida Ljosmesse med barnedåp. Konfirmentane deltek.
Sundag 14.12.2014 LOM KYRKJE kl. 11:00.	3.sundag i adventstida Messe med barnedåp.
Sundag 21.12.2014 NORDBERG KYRKJE kl. 19:30.	4.sundag i adventstida Vi syng jula inn.
Onsdag 24.12.2014 Andakt på Lom Helseheim kl. 11:00.	Julaftan
Onsdag 24.12.2014 LOM KYRKJE kl. 15:00.	Julaftan Julaftansmesse, offer til Redd Barna
Torsdag 25.12.2014 BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. GARMO KYRKJE kl. 14:00.	Juledag Juledagsmesse med offer Juledagsmesse med offer
Onsdag 31.12.2014 Andakt på Lom Helseheim kl. 11:00. LOM KYRKJE kl. 23:00.	Nyårsaftan Nyårsmesse
Sundag 04.01.2015 SKJÅK KYRKJE kl. 11:00.	1. søndag i openberingstida Heilag tre kongars fest
Sundag 11.01.2015 GARMO KYRKJE kl. 11:00. BØVERDAL KYRKJE kl. 19:30.	2. søndag i openberingstida Messe med offer til Lom Barneklang Messe med offer til Lom Barneklang
Sundag 18.01.2015 SKJÅK KYRKJE kl. 11:00.	3. søndag i openberingstida
Onsdag 21.01.2015 Andakt på Lom Helseheim kl. 11:00.	
Sundag 25.01.2015 LOM KYRKJE kl. 11:00.	4. søndag i openberingstida Messe med barnedåp, offer til Lom Barneklang
Sundag 01.02.2015 NORDBERG KYRKJE kl. 18:00.	5. søndag i openberingstida Kode B(ibel)
Sundag 08.02.2015 BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. GARMO KYRKJE kl. 19:30.	Kristi forklåringsdag Messe med utdeling av biblar til 9-åringane i kommunen. Offer til eige arbeid: Trusopplæring.
Sundag 15.02.2015 SKJÅK KYRKJE kl. 18:00.	Fastelavnssundag
Onsdag 18.02.2015 Andakt på Lom Helseheim kl. 11:00.	Oskeonsdag
Onsdag 18.02.2015 SKJÅK KYRKJE kl. 18:00.	Oskeonsdag Oskeonsdagsmesse
Sundag 22.02.2015 LOM KYRKJE kl. 11:00.	1. søndag i fastetida Messe med barnedåp, offer til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon
Sundag 01.03.2015 SKJÅK KYRKJE kl. 11:00.	2. søndag i fastetida

*Vi tek atterhald om endringar. Sjå også annonse i Fjuken, oversikt i GD, samt vår eiga Facebook-side som heiter Lom Kyrkjekommune:
<https://www.facebook.com/lomkyrkjekommune>*



LOM KYRKJEKOMMUNE

Du treffer folk på dei **KYRKJELEGE KONTORA** på Midtgard månd. – fred. kl. 10:00 - 14:00
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom.
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD
Jon Kleiven, tlf. 970 32 594

SOKNEPREST

Einar Gelius, tlf. 61 21 73 40
Prestegarden: 906 55 838
e-post: soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE

Borghild Skarelven, tlf. 61 21 73 38
e-post: kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR & TRUSOPPLÆRAR

Gunn Berit Vole Mork, tlf. 61 21 73 39
e-post: kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR

Terje Blakarstugun

KYRKJETENAR

Jonas Fjeld
Tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75 kl. 10:00 – 14:00
Tlf. Garmo kyrkje, 61 21 24 37 kl. 10:00 – 14:00
Tlf. Bøverdalen kyrkje, 61 21 20 27 kl. 10:00 – 14:00
e-post: kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET

Bankkontonr.: 2085.07.11772

OMVISARTENESTA

1.oktober – 1.mai:
kontakt kyrkjeverje eller kyrkjelydssekretær

KYRKJEBLAD FOR LOM

Redaksjonsgruppe: Randi Glimsdal Bakke, Merete Byrøygard, kyrkjelydssekretæren og soknepresten

SIDEOPPSETT OG TRYKK

Dale-Gudbrands Trykkeri as, tlf. 61 27 73 50
e-post: lasse@dg-trykk.no

**Prestane sin vakttelefon
i Nord-Gudbrandsdal**
VAKTNUMMER 414 81 457
Kveld/natt: Kvardagar kl. 17:00-08:00
Helg: Fredag kl. 17:00 - Måndag 08:00

**Stoff-frist for neste kyrkjeblad er
1. februar 2015**